

# Retningslinjer for samarbeidsutval - grunnskulane og barnehagane i Askvoll kommune

Vedteke av Askvoll kommunestyre i sak 55/16

## SKULE

### Lovgrunnlag og formål

Ved kvar grunnskule skal det vere eit samarbeidsutval (jf Opplæringslova §11-1) og eit skulemiljøutval (jf. Opplæringslova §11-1a)

Samarbeidsutvalet er det fremste samarbeidsforumet mellom heim og skule. Visjonen for utvalet er å sikre eit godt læringsmiljø for elevane i skulane i Askvoll kommune, både når det gjeld teknisk utforming av lokaler, læresituasjonen og det psykososiale miljøet.

- Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ for alle partar i skulesamfunnet.
- Utvalet skal særleg arbeide for å fremja kontakten mellom skule, foreldre og lokalsamfunnet.

Skulemiljøutvalet skal medverke til at skulen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø.

Samarbeidsutvala ved skulane i Askvoll er sjølv skulemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skulemiljøutval, må det oppnemnast tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal.

### Representantar til samarbeidsutvalet/skulemiljøutval

- To representantar frå undervisningspersonalet
- Ein frå andre tilsette
- To frå elevane
- To frå foreldrerådet
- To frå kommunen (den eine er rektor)

Når samarbeidsutvalet handsamar saker som skulemiljøutval, må det oppnemnast tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal.

Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter, vert handsama i samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet.

Når utvalet handsamar slike saker som skulemiljøutval skal foredrerepresentantane ha dobbeltstemme tilsvarande bortfallet av elevrepresentantane sine stemmer, eller talet på foredrerepresentantar aukast tilsvarande.

## **Val, funksjonstid og konstituering**

- Representantar for undervisningspersonalet og andre tilsette skal veljast av og blant dei tilsette.
- Elevrepresentantane skal veljast mellom dei som utgjer elevråd, men skal representere alle elevane på skulen, ikkje berre dei det er danna elevråd for.
- Foreldra sitt arbeidsutvalet (FAU) vel to representantar med personlege vararepresentantar til samarbeidsutvalet. Leiaren for arbeidsutvalet skal vere den eine av representantane.
- Den eine av dei to representantane for kommunen skal veljast av og blant kommunestyret sine medlemmer, så langt det let seg gjere mellom Komité for oppvekst og kultur sine medlemmer. Den andre skal vere rektor ved skolen, som også har rolla som sekretær for utvalet.

Alle representantane vert valde for eitt år om gangen med unntak av representanten vald av kommunestyret, som vert vald for fire år (valperioden).

Samarbeidsutvalet si funksjonstid fylgjer skuleåret, og rektor har ansvar for at det vert kalla inn til konstituerande møte innan utgangen av september.

## **Samarbeidsutvalet sine oppgåver**

Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen, og skal mellom anna uttale seg om:

- kvalitetsvurdering/læringsmiljø
- skulen sitt utviklingsarbeid
- budsjett
- ordensreglement
- skuleskyss og skuleveg
- organisering av skuledagen
- saker skulen får til høyring

Som skulemiljøutval har ein rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet, jf. kapittel 9a, slik som til dømes:

- Elev- og foreldremedverknad
- Sosial kompetanse, antisosial åtferd og mobbing
- Skulehelsetenesta
- Byggtilstand og uteområde

Skuleeigar kan også gje samarbeidsutvala vedtaksmynde etter delegasjon.

SU skal vidare melde frå til eigar og eventuelt tilsynsmyndigheiten dersom det meiner at skulen ikkje vert driven i tråd med gjeldande lover og retningslinjer

Foreldre, personale og elevar skal haldast orientert om saker SU handsamar.

## **Møterutinar**

Samarbeidsutvalet skal ha minimum 3 møte i løpet av skuleåret, og det skal lagast ein møteplan for kvart skuleår. Møteplanen skal godkjennast i konstituerande møte i september.

Rektor som sekretær, og leiar i samarbeidsutvalet set i samarbeid opp sakliste for kvart møte. Innkallinga skal sendast til medlemmer og varamedlemmer minst 1 veke på førehand. Innkallinga skal innehalde eit oversyn over sakene med ein forklarande tekst til kva sakene

gjeld, og eventuelle vedlegg som opplyser saka meir skal leggjast ved. Innkallinga skal også sendast til skuleeigar ved kommunalsjef for oppvekst.

Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande organ og det skal førast møtebok for kvart møte.

Møteboka skal minimum innehalde:

- Opplysningar om tid og stad for møte
- Kven som møtte og kven som var fråverande
- Kva saker som vart handsama
- Kort om diskusjonen og kva råd samarbeidsutvalet vil gje i den einskilde saka.
- Utskrift av møteboka skal sendast til representantane og godkjennast og underskrivast av leiar og sekretær i neste møte. Referat frå møta i samarbeidsutvalet skal i tillegg sendast til skuleeigar ved kommunalsjef for oppvekst.

Det skal førast eiga møtebok for saker som samarbeidsutvalet handsamar som skulemiljøutval

### **Informasjon og opplæring.**

Skuleeigar ved rektor har ansvar for at medlemene i utvalet får informasjon om arbeidet i utvalet, og skal syte for opplæring av deltakarane.

### **Teieplikt**

Representantane i samarbeidsutvalet er underlagt forvaltningslova §13 om teieplikt. Elevrepresentantane skal ikkje vera til stades ved handsaming av saker som er omfatta av teieplikta.

## **BARNEHAGE**

### **Lovgrunnlag og formål**

*For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.*

*Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.*

*Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.*

*Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget. (jf. Barnehagelova §4)*

### **Representantar til samarbeidsutvalet**

I fylgje vedtektene for barnehagane i Askvoll kommune skal samarbeidsutvalet vere samansett slik:

- To representantar frå foreldrerådet
- To representantar frå dei tilsette
- Ein frå eigar (vald av og blant kommunestyret)

Styrar er sakshandsamar/sekretær for utvalet. Der barnehage og skule har felles administrasjon, er det felles samarbeidsutval for barnehage og skule.

### **Val, funksjonstid og konstituering**

- Foreldrerådet vel to representantar med personlege vararepresentantar til samarbeidsutvalet.
- Representantar for dei tilsette skal veljast av og blant dei tilsette.
- Representanten for kommunen skal veljast av og mellom kommunestyret sine medlemmer, så langt det let seg gjere mellom Komité for oppvekst og kultur sine medlemmer.

Alle representantane vert valde for eitt år om gangen med unntak av representanten vald av kommunestyret, som vert vald for fire år (valperioden).

Samarbeidsutvalet si funksjonstid fylgjer barnehageåret, og styrar har ansvar for at det vert kalla inn til konstituerande møte innan utgangen av september.

### **Samarbeidsutvalet sine oppgåver**

Barnehageeigar ved styrar skal sørge for at saker som er viktige for barnehagen vert førelagt samarbeidsutvalet til uttale. Dette kan mellom anna gjelde:

- kvalitetsvurdering/leike- og læringsmiljø
- barnehagen sitt strategi- og utviklingsarbeid
- budsjett
- byggtilstand og uteområde
- saker barnehagen får til høyring
- organisering av det pedagogiske arbeidet

Samarbeidsutvalet fastset årsplanen for barnehagen

SU skal vidare melde frå til eigar og eventuelt tilsynsmyndigheiten dersom det meiner at barnehagen ikkje vert driven i tråd med gjeldande lover og retningsliner

Foreldre og personale skal haldast orientert om saker SU handsamar.

### **Møterutinar**

Samarbeidsutvalet skal ha minimum 2 møte i løpet av barnehageåret, og det skal lagast ein møteplan for kvart barnehageår. Møteplanen skal godkjennast i konstituerande møte i september.

Styrar som sekretær, og leiar i samarbeidsutvalet set i samarbeid opp sakliste for kvart møte. Innkallinga skal sendast til medlemmer og varamedlemmer minst 1 veke på førehand. Innkallinga skal innehalde eit oversyn over sakene med ein forklarande tekst til kva sakene gjeld, og eventuelle vedlegg som opplyser saka meir skal leggjast ved. Innkallinga skal også sendast til barnehageeigar ved kommunalsjef for oppvekst.

Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande organ og det skal førast møtebok for kvart møte. Møteboka skal minimum innehalde:

- Opplysningar om tid og stad for møte
- Kven som møtte og kven som var fråverande
- Kva saker som vart handsama
- Kort om diskusjonen og kva råd samarbeidsutvalet vil gi i den einskilde saka.

- Utskrift av møteboka skal sendast til representantane og godkjennast og underskrivast av leiar og sekretær i neste møte. Referat frå møta i Samarbeidsutvalet skal i tillegg sendast til barnehageeigar ved kommunalsjef for oppvekst.

**Informasjon og opplæring.**

Barnehageeigar ved styrar har ansvar for at medlemene i utvalet får informasjon om arbeidet i utvalet, og skal syte for opplæring av deltakarane.

**Teieplikt**

Representantane i samarbeidsutvalet er underlagt forvaltningslova §13 om teieplikt.

Retningslinene tek til å gjelde frå barnehage- og skuleåret 2016-2017